


FotoWeb på iOS

Denne rettleiinga er laga på iOS-versjon 10.2.1

Laste ned, installer og trykk på app'en «FotoWeb»




Skriv inn:

Host name = <https://bilde.mrfylke.no>

User name = [ditt vanlege brukarnamn](#)

Password = det passordet du bruker på dei fleste andre IT-systema i Møre og Romsdal Fylkeskommune




Trykk så «FotoWeb»


Korleis laste opp?

Vi føreset at du allereie har tatt [e-læringsleksjonen om opplasting](#), slik at du veit kor viktig det er med god teksting og kva du skal bruke dei ulike felta til.

1) Trykk «Upload»



2) Trykk på det arkivet du har tilgjengeleg.



Fyll ut dei gule felt

3) Tittelen bør vere kort og grei.

Feltet «Beskrivelse» er frivillig, men dersom du har fotografert personar, må du skrive kven som er på bilde her t.d. «På første rad frå venstre ser vi Håvard Hedde i kystdrakt og Kari Knudsdotter i Nordmørsbunad».

FØR du lastar opp bilde med personar, må dei som er med godkjenne bruken, sjå mrfylke.no/bilde for reglar og unntak.


4) Skriv inn fullt namn på fotografen.

5) Skriv inn ønska bruksrett eller bruk forkortinga:

Fri bruk = fb

Fri bruk på eigen arbeidsplass = fa

Kun etter avtale = ka



6) Gode nøkkelord / tags er heilt avgjerande for at bilda blir funne og dermed kan bli brukt! Start gjerne med å skrive kor bilde er tatt, for eksempel «Herøy», «Runde» og «skoletur». Finn generelle ord som beskriv innhaldet, for eksempel «natur», «hav» og «solskinn». Finn spesifikke nøkkelord, for eksempel «Lundefugl» og «Havørn». **Nøkkelorda skil du med ; (altså semikolon). Prøv å skrive minimum 5 nøkkelord til kvart bilde, men gjerne 20 😊**




7) Trykk på «Add photo» for å ta bilde eller for å velje bilde som er lagra på telefonen.

8) Trykk så «Upload».

Du kan forandre innholdet i alle tekstfeltene ved å logge inn på bilde.mrfylke.no og klikke på arkivet «Mine bilder». Klikk så på det bilde du vil gjøre noe med.

Dersom bilde mangler fargekode skyldast dette at du har skrive inn noko anna enn dei definerte bruksrettane (eller godkjende forkortingane). I slike tilfelle MÅ du gå inn å velje bruksrett slik at andre kan sjå dei.

Når du skal forandre det same feltet på fleire bilde, t.d. «Vilkår for bruk», er det mest effektivt å merke dei aktuelle bildene (t.d. ved klikke på den lille haka nede til høgre for bilde når du er i arkivet «Mine bilder») og så klikke på «Legg til metadata».



Merk at denne metoden **skriv over** alt det som ligg frå før i det / dei valde feltene.

Legg til metadata på 2 objekter

Metadata [Tom alle](#)

Nøkkelord (tags)
 Klikk nå for å legge til Nøkkelord (tags)

Fotograf
 Klikk nå for å legge til Fotograf

Bilddato
 Klikk nå for å legge til Bilddato

Vilkår for bruk
 Fri bruk på egen arbeidsplass

Lagre Avbryt